

INNLEIING

Språkreglane i NRK blei forma ut i ei tid der vi først og fremst var eit radio- og TV-hus. Vi har gode reglar for uttale og munnleg språk, men få køyrereglar for teiknsetting og skrive språk.

Britiske BBC, svenske TT og norske NTB har alle nærare definerte reglar for teiknsetting, tal, forkortingar og liknande. NRK har så langt overlate til dei enkelte medarbeidarane og redaksjonane å finne ut korleis dei skal skjøtte detaljane i det skriftlege språket.

I fråværet av nedfelte reglar har ulike miljø i NRK forma ut ulike eigne reglar. For eksempel bruker vi FrP i superar på Dagsrevyen, medan vi hovudsakleg skriv Frp i artiklar på NRK.no. Ein annan tilbakevendande diskusjon er om vi skal bruke sitatteikn eller ikkje når vi skriv og melder om ekstremvær.

På bakgrunn av dette tok Gaute Zakariassen i 2015 kontakt med språksjef Ragnhild Bjørge, som sette ned eit utval og gav eit mandat for å lage eit utkast til «blåbok» for skrivereglar lik dei nyhendebyrå som NTB og svenske TT har.

Utvalet har hatt som mål å bli einige om eit sett med reglar som så langt det er mogleg skal vere tydelege, konsistente og enkle både å hugse og handheve.

Gjennom fleire møte gjennom 2016 har utvalet gått gjennom dei mange uklarheitene, og søkt å finne eintydige reglar som i utgangspunktet skal kunne gjelde for alle uttrykk og medieplattformer.

Medlemmane i gruppa har vore språksjef Ragnhild Bjørge, Gaute Zakariassen, Knut-Sverre Horn, Arild Moe, Eivind Molde, Ingvald Aarstein og språkkonsulent Børge Nordbø.

Etikkredaktør Per Arne Kalbakk har også hjulpet utvalet med å vurdere i kor stor grad vi skal respektere eigennamn og merkenamn der dei bryt med våre eigne eller allmenne skrivereglar.

I nokre høve, som TV-tekst, ser vi at det kan vere naudsynt å fråvike dei overordna reglane av tekniske omsyn. Dette er nærare presisert under den enkelte regelen.

Reglane blei vedtatt av Språkstyret i NRK 26. oktober 2017.

NAMN

Bedrifts- og merkevarenamn

I hovudsak respekterer NRK bedrifts- og merkevarenamn slik eigarane sjølve vil at vi skriv dei.

Forståing og leseflyt er viktig, og namnet bør derfor skape minst mogleg friksjon hos folk.

- Vi skriv som hovudregel merkevarenamn slik eigarane sjølve skriv dei i løpande tekst. Vi tar ikkje omsyn til logoar eller grafisk profil. Vi skriv «Bulgari» (ikkje «Bvlgari»), «Adidas» (ikkje «adidas») og «Jernia» (ikkje «jernia»).
- Dersom stor bokstav innleier eit nytt semantisk ledd i ei samansetting, respekterer vi det av omsyn til lesbarheit: NextGenTel, OneCall, YouTube, ConocoPhillips.
- Vi skriv t.d. «iPhone» og «eBay», sjølv om distribusjonen av store og små bokstavar strir mot norske rettskrivingsreglar. Dette fordi desse namna er så innarbeidde i norsk språk at det kan vere til hinder for forståing og leseflyt å skrive dei annleis.
- Sjå elles under «forkortingar».

Norske namn følgjer norske skrivereglar

Vi respekterer norske eigennamn så lenge dei ikkje er til hinder for forståing og leseflyt. Vi krev derfor at samansette norske namn skal følgje norske skrivereglar.

- Vi skriv «Bernerguppen», «Kongsberggruppen» og «Kon-Tiki-museet», ikkje «Bernerguppen», «Kongsberg Gruppen» eller «Kon-Tiki Museet».
- Engelske namn følgjer engelske reglar: «Kverneland Group».

Statlege institusjonar og organisasjonar

Namn på statlege institusjonar og organisasjonar skal følgje norsk rettskriving. Språkrådet har [laga ei liste over kva organisasjonane heiter på nynorsk og bokmål](#).

Merk at vi følgjer eigne reglar der dei strir mot tilrådingane frå Språkrådet: Vi skriv «Koro», ikkje «KORO», «Nokut», ikkje «NOKUT».

TV- og radiokanalar

Namnet på ein kanal er eit særnamn, og NRK skriv kanalnamna slik eigarane gjer det i løpande tekst: TV 2 (med mellomrom), TV3 (utan mellomrom), NRK1, NRK2, NRK3 osv.

Personnamn

Personnamn følgjer vanlegvis rettskrivingsreglane.

Vi bruker ikkje reint visuelt motiverte skrivemåtar (til dømes artistnamna «Joey Bada\$\$» og «Ke\$ha») i løpande tekst, men vi kan bruke dei i grafikk der det er føremålstenleg.

FORKORTINGAR

Mange forkortingar har vore så lenge i språket at dei ikkje lenger blir oppfatta som forkortingar. Ord som laser, radar, aids, hiv og ufo skriv vi som heilt vanlege ord.

Forkortingar med stavingsuttale

Dersom ei forkorting blir stava bokstav for bokstav i uttale, skriv vi dei med store bokstavar: AS, EM, IT, OL, PC, TV, VM, BH. Unntak: etablerte måleiningar som pH, dB, kW.

Dette gjeld også forkorta eigennamn: FN/SN, LO, NHO, NRK, UD, KFUM.

Forkortingar som blir uttala som vanlege ord

Forkorta eigennamn som blir uttala som vanlege ord, blir vanlegvis skrivne med stor førebokstav og elles små bokstavar: Efta, Nafta, Nato, Norad, Obos, Opec, Unesco, Kork, Sintef.

Dersom forkortingar består av tre eller færre bokstavar, skriv vi dei med store bokstavar for å tydeleggjere at dei er forkortingar: NAF, FIS, UNE, ESA.

Politiske parti

Politiske parti eig partinamna sine sjølve, men forkortingane skal berre ha stor forbokstav viss bokstaven viser til eit nytt ord (KrF, men Frp).

- Arbeidarpartiet Ap
- Framstegspartiet Frp
- Høgre H
- Kristeleg Folkeparti KrF
- Miljøpartiet Dei Grøne MDG
- Raudt R
- Senterpartiet Sp
- Sosialistisk Venstreparti SV
- Venstre V

Høgskular, universitet og forskingsinstitusjonar

Namn på høgskular og universitet blir som hovudregel forkorta slik institusjonane sjølve gjer det, med stor bokstav for kvart ledd, med unntak av preposisjonen i, som skal skrivast som liten. Om det forkorta namnet på institusjonen blir uttalt som eitt ord, følgjer ein dei ordinære reglane.

- Høgskolen i Bergen HiB
- Høgskolen i Oslo og Akershus HiOA
- Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet NTNU

Forskinsinstitusjonar, offentlege og private, følgjer dei generelle forkortingsreglane: Nokut, Nupi, Nova, Sintef.

FORMATERING

Kursiv

Kursiv kan gjere teksten vanskelegare å lese. Kursiv bør avgrensast til éi setning eller eitt spørsmål i gongen. Bruk kursiv dersom du vil leggje trykk på eitt enkelt ord (eller ordsamband). I ein artikkel skal spørsmål frå journalisten stå i kursiv.

I teksting av fjernsynsprogram blir kursiv brukt når den som snakkar, ikkje er synleg, til dømes ei stemme i radioen eller i telefonen. Der blir kursiv også brukt til å vise at ein tekstar ei kommentator- eller forteljarstemme.

Feit skrift

Feit skrift skal ikkje brukast på enkeltord, men på heile avsnitt som skal uthevast. Bruk med måte, og ikkje bruk det på fleire avsnitt på rad.

TEIKNSETTING

Komma

Vi set komma for at det skal bli lettare å lese ein tekst. Det oppnår ein vanlegvis ved å følgje dei mest vanlege reglane for kommasetting.

Du finn eit sett med [enkle reglar på nettsidene til Språkrådet](#).

Hermeteikn

Der det er teknisk mogleg, skal vi bruke doble hakeparentesar («»). I teksting kan vanlege sitatteikn ("") brukast.

Hermeteikn skal brukast i:

- Titlar på romanar, songar, filmar, album, program
- Skips- og fartøynamn
- Namn på ekstremvêr
- Ordrette sitat frå skriftlege kjelder (munnlege kjelder får sitatstrek)

Namn på tidsskrift og aviser skal *ikkje* stå i hermeteikn.

Ellipse (...)

Ellipse, eller tre punktum etter kvarandre, markerer noko nølande eller noko som ikkje er avslutta.

Det er vanleg praksis å ha mellomrom føre dette teiknet i slutten av setninga, men av praktiske omsyn knytt til tekstbryting har vi eigen praksis. Vi bruker ellipsen slik:

- *Det var som berre...*
- *Kva f... meiner du?*

Replikkstrek

Replikkstrek (–) blir brukt for å innleie ein replikk. Det skal vere mellomrom mellom replikkstrek og replikk. Dette gjeld ikkje teksting.

Vi skriv replikkstrek (utan mellomrom) og ikkje komma i overslag:

- Det skjedde for tre–fire år sidan.

Vi bruker også tankestrek (utan mellomrom) for å markere strekning, periode eller omfang, samt i sportsresultat.

- Kva er distansen Oslo–Bergen?
- Tromsø vann kampen 3–0.

Samansette uttrykk

Vi bruker vanleg bindestrek (-) i samansette uttrykk som fang-og-slipp-fiske og vegg-til-vegg-teppe.

Andre teikn

Vi skriv «prosent», «euro» osv. i løpande tekst, men kan bruke teikna (% , €) i tabellar og i andre tilfelle der plassomsyn krev det. Vi skriv 100 pund i løpande tekst, men kan skrive £ 100 i ein tabell eller grafikk (merk at valutateikn blir førestilt, med mellomrom mellom symbol og tal).

TAL, TID, MÅL OG VEKT

Tal

I løpande tekst skriv vi tal med bokstavar frå ein til og med tolv. Når det er snakk om ei rekkje med tal som fell under begge kategoriane, skriv ein gjerne siffer:

- *Maja er sju år gamal.*
- *Borna var 7, 12 og 14 år gamle.*

Vi skriv også bokstavar dersom det er snakk om grove anslag, overdrivingar og andre tilfelle der det er klart at talet er svært omtrentleg: Det var tusen maur på kjøkenet.

Dersom talet har desimalar, er etterfølgd av måleining eller krev høgt presisjonsnivå på annan måte, bruker vi siffer:

- *I sen var 1,2 meter tjukk.*
- *Det var 50 passasjerar om bord.*

Vi skil tusengruppene med punktum i tal frå og med 10.000. Vi skriv altså 2734, 9456, men 11.578, 123.800 osv. Punktum her strir mot norske rettskrivingsreglar, men blir brukt for å unngå tekstbryting.

Vi skriv alltid siffer framfor millionar, milliardar osv., med mindre det er ei overdriving eller svært omtrentleg:

- *Ein auke frå 4 til 4,3 millionar*

Klokkeslett

«Klokka» blir forkorta slik: kl.

I løpande tekst skriv NRK klokkesletta slik: 3.37 og 15.37

Datoar

I løpande tekst fullskriv vi namnet på månadene. Eksempel: Drapet fann stad 13. januar i år.

I talform skriv vi datoane slik: 3.6.71 eller 3.6.1971 (til dømes viss det kan vere tvil om kva hundreår ein meiner).

Det skal alltid vere punktum og mellomrom mellom talet i datoen og namnet på månaden: 14. januar.

NORSK SKRIVEMÅTE

Språkreglane til NRK seier at norske ord og uttrykk skal veljast i størst mogleg grad:

- Vi bruker forma skuter, ikkje det engelske scooter.
- Vi skriv konteinar, ikkje container.

NRK skal til ein viss grad også vere pådrivar for å innarbeide norske avløyssarord:

- Vi skriv *strøyming* (eller *strømming*) for *streaming*, *emneknagg* for *hashtag* osv.

Ordvalet bør likevel vere forståeleg for dei fleste og ikkje markere seg ut og dra merksemda vekk frå innhaldet.